



<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2014/402	11496/2014	SOLHEIM	031	17.09.2014

Melding om vedtak i Ørsta kommunestyre 11.9.2014, sak 56/14

KOMMUNEREFORM

Saksprotokoll i Ørsta kommunestyre - 11.09.2014

VEDTAK:

1. Ørsta kommunestyre viser til Kommuneproposisjonen 2015 og målsettinga med kommunereforma. Ørsta kommune skal vere ein konstruktiv part i lokale og regionale prosessar.
2. Kommunestyret legg vekt på at det i nye kommunar er eit godt samsvar mellom kommunal organisering og naturlege bu- og arbeidsregionar. Kommunestyret vil i ein innleiande fase ha opning for ulike løysingar.
3. Vidare prosess fylgjer nasjonal framdriftsplan med nye kommunar frå 2019-2020 etter kommunale vedtak seinast våren/sommaren 2016. I perioden fram mot vedtak i kommunestyret må det leggst til rette for gode lokale prosessar og involvering av innbyggjarane.
4. Det skal haldast folkeavrøysting om kommunereforma før Ørsta kommune tek stilling til meir bindande kommunesamanslåing innan 1/7- 2016.

Handsaminga(30 r.f.)

Paul Kristian Hovden(KrF) sitt framlegg:

Ørsta kommunestyre legg vekt på at det i framtida er godt samsvar mellom kommunal organisering og naturleg bu og arbeidsregionar.

Kommunestyret bed ministeren klargjere framtidige oppgåver, forventingar og økonomiske føresetnader før ein går vidare med prosessen.

Jostein O. Mo(AP) sitt framlegg:

Det skal haldast folkeavrøysting om kommunereforma før Ørsta kommune tek stilling til meir bindande strategival.

Ordføraren fremja å halde gruppemøte og det vart halde gruppemøte.

Etter gruppemøtet:

Paul Kristian Hovden trekte KrF sitt framlegg

Jostein O Mo sitt framlegg vart endra og gjort om til fellesframlegg frå KrF, FrP, AP, SV og SP)

Punkt 4.

Det skal haldast folkeavrøysting om kommunereforma før Ørsta kommune tek stilling til meir bindande kommunesamanslåing innan 1.7.2016 .

Rådmannen si tilråding vart vedteken med 29 røyster mot 1 røyst(Signe Turid Barstad)

Fellesframlegg vart vedteken meg 21. røyster mot 9 røyster(Høgre og Venstre)

Rett utskrift:

Inger Johanne E. Løeng

Inger Johanne E. Løeng

Politisk sekretær

Utskrift til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

KS Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune

Sunnmøre Regionråd

Hareid kommune

Herøy kommune

Sande kommune

Ulstein kommune

Vanylven kommune

Volda kommune

Eid kommune

Stryn kommune

Hornindal kommune

Ørsta ungdomsråd

Arbeidstakarorganisasjonane v/ Hovudtillitsvalde

Hovudverneombodet

Saksprotokoll i Ørsta formannskap - 26.08.2014

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Ørsta kommunestyre viser til Kommuneproposisjonen 2015 og målsettinga med kommunereforma. Ørsta kommune skal vere ein konstruktiv part i lokale og regionale prosessar.
2. Kommunestyret legg vekt på at det i nye kommunar er eit godt samsvar mellom kommunal organisering og naturlege bu- og arbeidsregionar. Kommunestyret vil i ein innleiande fase ha opning for ulike løysingar.
3. Vidare prosess fylgjer nasjonal framdriftsplan med nye kommunar frå 2019-2020 etter kommunale vedtak seinast våren/sommaren 2016. I perioden fram mot vedtak i kommunestyret må det leggest til rette for gode lokale prosessar og involvering av innbyggjarane.

Handsaminga(8 r.f.)

Formannskapet vedtok med 8 mot 0 røyster å legge saka fram for kommunestyret i samsvar med rådmannen si tilråding.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Wenche Solheim

Arkivsak: 2014/402

Løpenr.: 8712/2014

Utvalsaksnr.	Utval	Møtedato
	Ørsta formannskap	26.08.2014
	Ørsta kommunestyre	11.09.2014

Saka gjeld: **KOMMUNEREFORM**

TILRÅDING TIL VEDTAK:

1. Ørsta kommunestyre viser til Kommuneproposisjonen 2015 og målsettinga med kommunereforma. Ørsta kommune skal vere ein konstruktiv part i lokale og regionale prosessar.
2. Kommunestyret legg vekt på at det i nye kommunar er eit godt samsvar mellom kommunal organisering og naturlege bu- og arbeidsregionar. Kommunestyret vil i ein innleiande fase ha opning for ulike løysingar.
3. Vidare prosess fylgjer nasjonal framdriftsplan med nye kommunar frå 2019-2020 etter kommunale vedtak seinast våren/sommaren 2016. I perioden fram mot vedtak i kommunestyret må det leggest til rette for gode lokale prosessar og involvering av innbyggjarane.

Saksvedlegg:

1. Innspel til ekspertutvalet frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal
2. Oppdrag kommunereform, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Uprenta saksvedlegg:

Meldingsdel i kommuneproposisjonen 2015 (Prop. 95 S) «Kommunereform».

Samandrag av saka:

Handsaminga av kommuneproposisjonen for 2015 viste at det er breitt fleirtal i Stortinget om nødvendigheita av ei kommunereform. Under debatten 18. juni vart det sagt at dette er den største moderniseringa av offentleg sektor på 50 år. Kommunalministeren har bede alle norske kommunar om å ta kommunereforma opp til drøfting. Saka er relatert til Meldingsdel i kommuneproposisjonen 2015 (Prop. 95 S) «Kommunereform».

Grunnlag for reforma

Reformbehovet er basert på at regjeringa ynskjer å gi meir makt og mynde til meir robuste kommunar og det er eit breitt fleirtal på stortinget om nødvendigheita av ei kommunereform. Nærleiksprinsippet blir lagt til grunn, og regjeringa ynskjer å legge fleire oppgåver og fleire vedtak så nær dei det gjeld som mogleg.

Regjeringa har fylgjande mål for reforma:

- Gode og likeverdige tenester for innbyggjarane.
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling.
- Berekraftig og økonomisk robuste kommunar.
- Styrka lokaldemokrati.

Reforma legg opp til at kommunane skal fatte vedtak om kommunesamanslåing innan sommaren 2016. Vedtaka skal meldast inn til fylkesmannen, og fylkesmannen vil få mandat til å gjere eigne vurderinga på sjølvstendig grunnlag. Regjeringa vil deretter fremje ein samla proposisjon til Stortinget om ny kommunestruktur våren 2017.

Regjeringa seier i Prop.95, s 50-51: *Det er viktig at kommunene kommer i gang med diskusjonene om sammenslåing høsten 2014....kommunene vil ha behov for om lag et år på å drøfte utfordrings- og mulighetsbildet før det fattes vedtak om hvilke kommuner de vil slå seg sammen med.*

For Ørsta er det fleire aktuelle vegar å gå, men alle alternativ for samanslåing vil nok innbefatte Volda. Ideelt sett bør ein kommune etter kommunereforma ha ei avgrensing som ligg til den naturlege bu- og arbeidsmarknaden i området. Dette betyr for Ørsta kommune at heile Søre Sunnmøre kan bli ein kommune, eventuelt også delar av Nordfjord.

Staten legg opp til at kommunar som slår seg saman får behalde dagens inndelingstilskot i 15 år etter samanslåinga med ei nedtrapping dei neste 5 åra. I tillegg vert det gitt ei reformstøtte. Kommunar som eventuelt vel å halde fram åleine, men som seinare ombestemmer seg vil etter det rådmannen forstår ikkje få den same ordninga.

Det vil fram mot våren 2016 vere mange aktørar og fleire prosessar. Ørsta må vere ein aktiv deltakar og sikre at resultatet vert best mogeleg for innbyggjarane både på kort og lang sikt. Saka som no skal handsamast politisk er startskotet på prosessen lokalt.

Saksopplysningar:

Kommunalministeren har bede alle norske kommunar om å ta kommunereforma opp til drøfting. Fylkesmannen har presisert at alle kommunar skal fatte vedtak innan sommaren 2016. Saka er relatert til Meldingsdel i kommuneproposisjonen 2015 (Prop. 95 S) «Kommunereform». Dette er uprenta vedlegg, men vert lagt i info-mappe på lesebretta. Det blir kort referert til nøkkelinformasjon i dette dokumentet, samt nokre betraktningar frå rådmannen. Rådmennene på søre har samarbeidd om saksutgreiinga.

Grunnlag for reforma

Reformbehovet er basert på at regjeringa ynskjer å gi meir makt og mynde til meir robuste kommunar. Ekspertutvalet skal i desember 2014 legge fram sluttrapport om kriteria kommunane må oppfylle for å ivareta nye oppgåver. Stortingsmelding om nye oppgåver er planlagt våren 2015.

Det blir fokusert på kva slags kriterium som definerer ein robust kommune. Sentralt i diskusjonen er at det er aukande krav til kommunens utøving av mynde, og at det over tid er gitt kommunane ansvar for fleire lovpålagde rettar. Komplekse enkeltvedtak og stigande rapporteringskrav vert sett opp mot at innbyggjarar og næringsdrivande har ei velgrunna forventning om rettsrette avgjersle og likebehandling med upartisk handsaming. Sentralt i kommunereforma er difor å sikre tilstrekkeleg kompetanse i kommunane. Storleiken og samansetninga av fagmiljøa i kommunane vil difor etter regjeringa sitt syn ha betydning for kvaliteten på tenestene til innbyggjarane. Dei små fagmiljøa vil vere sårbare for sjukdom og "turnover", og ha for lite ressurs til vidareutvikling av tenestene. Også Ørsta kommune erfarar at det er utfordrande å sikre rekruttering til enkelte fagområde og at tenester/oppgåver er knytt til einskildpersonar.

Det blir vektlagt at det interkommunale samarbeidet gjennom IKS og vertskommuneavtalar er eit uttrykk for at kommunane sjølve ikkje er i stand til å løyse større oppgåver åleine.

Regjeringa har fylgjande mål for reforma:

- Gode og likeverdige tenester for innbyggjarane.
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling.
- Berekraftig og økonomisk robuste kommunar.
- Styrka lokaldemokrati.

Ideelt sett bør ein kommune etter kommunereforma ha ei avgrensing som ligg til den naturlege bu- og arbeidsmarknaden i området. Dette betyr for Ørsta kommune at heile Søre Sunnmøre kan bli ein kommune, etter staten si idealløysing. Ein kan legge til at etter at Kvivsvegen opna har den naturlege bu- og arbeidsmarknaden blitt utvida til også og inkludere Hornindal kommune og Stryn kommune.

Ekspertutvalet har i sin rapport lagt til grunn at idealkommunen bør minst ha 15.000 til 20.000 innbyggjarar, for å sikre god oppgåveløysing. Argumentet er at dette innbyggjartalet sikrar behovet for kompetanse innanfor spesialiserte helsetenester som er utvikla på kommunenivå, og effektiv drift av pleie- og omsorgstenester og grunnskule. I tillegg blir det også argumentert for at denne storleiken gir betre grunnlag for areal- og samfunnsplanlegging, næringsutvikling, miljø- og ressursforvaltning og folkehelse.

Regjeringa legg likevel opp til at minste innbyggjartal ikkje er eit absolutt krav, men at det blir stilt krav til at ein framtidig kommune skal kunne sikre levering av gode og stabile tenester.

Grunnlaget for å vurdere framtidig kommunestruktur er gitt etter fylgjande kriterier:

1. Tilstrekkeleg kapasitet.
2. Relevant kompetanse.
3. Tilstrekkeleg distanse.
4. Effektiv tenesteproduksjon.
5. Økonomisk soliditet.
6. Valfridom.
7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområde.
8. Høg politisk deltaking.
9. Lokal politisk styring.
10. Lokal identitet.

Desse 10 punkta må leggest til grunn for å vurdere korleis Ørsta kommune skal sjå seg sjølv opp mot andre aktuelle kommunar som det kan bli aktuelt å slå seg saman med.

I denne fasen er det mykje som ikkje er avklart, til dømes omsynet til statens økonomi. Det vil vere unaturleg om kommunereforma legg opp til dyrare drift av kommunane, då alle tidlegare argument for kommunesamanslåingar har vore tufta også på økonomisk rasjonalitet. Dette er eit relevant moment å leggje til grunn, og er truleg ein medverkande motivasjon for å gjennomføre reforma.

Omorganisering er naturleg å vurdere når dei ytre rammetilhøva endrar seg. Seinast har Samhandlingsreforma lagt fleire oppgåver over på kommunane, med ei klar føring for at pasientar skal behandlast så nært dei bur som mogleg. Dette er i seg sjølv ei vesentlig endring i haldning overfor kommunane, samt overføring av oppgåver. Ein ser då i etterkant at nokre kommunar blir for små til å gjere dette på ein tilfredsstillande måte og fleire samarbeider om desse oppgåvene.

Prop. 95 S tek opp mange relevante argument og kriteria, men legg ikkje vekt på dei emosjonelle sidene ved ei kommunereform. Dette til trass for at dei emosjonelle momenta i endringsprosessar er godt kjende utfordringar. Ørsta har erfart dette etter kommunereforma der Hjørundfjord og Vartdal vart ein del av Ørsta kommune. Omsynet til menneske er viktig for faktisk å kunne realisere kalkulert gevinst, som dei rasjonelle argumenta legg opp til. Sjølvkjensle og tilhøyring til eiga kommune står sterkt, og blir utfordra når staten kjem og legg føringar for endring.

Erfaringa frå t.d. kommunesamanslåingsprosessen mellom Bjugn og Ørland stadfesta at prosessen handla i praksis om tre forhold. Desse var:

1. Kva skal den nye kommunen heite?
2. Korleis skal det nye kommunevåpenet sjå ut?
3. Kvar skal rådhuset ligge?

Alt anna var underordna denne diskusjonen, og punkta gir gjerne uttrykk for at dei gode rasjonelle argumenta for samanslåing i eit naturleg bu- og arbeidsmarknad vart overkjørt av «*identitet*», «*tilhøyrse*», og «*følelsar*». Det som kan leggest til dei tre emosjonelle punkta er også «*politisk maktposisjon*». Alt dette er kjente utfordringar i endringsprosessar, og viktige faktorar å sjå til særleg i ein stor samfunnsprosess som kommunereforma legg opp til.

Statlege verkemiddel i samband med kommunesamanslåing i reformperioden:

- Inndelingstilskotet
"Med dagens inndelingstilskudd får den nye sammenslåtte kommunen beholde tilskudd som om den fortsatt var to (eller flere) kommuner i 15 år etter sammenslåingen, før inndelingstilskuddet trappes ned over 5 år."

- Reformstøtte

Tal innbyggjarar i samanslåinga	Reformstøtte
0 -10 000	0
10 – 14 999	5 000 000
15 000 – 29 999	20 000 000
30 000 – 49 999	25 000 000
Over 50 000 innbyggjarar	30 000 000

- Dekning av eingongskostnader

Tal kommunar og innbyggjarar i samanslåinga	0 – 19 999 innbyggjarar	20 – 49 999 innbyggjarar	50 – 99 999 innbyggjarar	100 000 + innbyggjarar
2 kommunar	20 000 000	25 000 000	30 000 000	35 000 000
3 kommunar	30 000 000	35 000 000	40 000 000	45 000 000
4 kommunar	40 000 000	45 000 000	50 000 000	55 000 000
5 eller fleire kommunar	50 000 000	55 000 000	60 000 000	65 000 000

- Inntil kr 100 000 i tilskot til utgifter med informasjon og folkehøyring
- Informasjon om kommunane på Kommunaldepartementet si nettside (m.a oversikt over folketalsutvikling, arbeidskraftbehov innan ulike sektorar, nøkkeltal for økonomi og tenesteproduksjon, pendlingsdata for eiga kommune og regionen). Dette informasjonen er grunnlag for utgreiing av utfordringsbilde for kommunen, og for kommunar som kan vere aktuelle å slå seg saman med.
- Rettleiar for prosess og utgreiing av utfordringsbilde som vert utarbeidd av Kommunaldepartementet i løpet av hausten 2014.
- Fylkesmannen vert styrka med prosessretteiar som skal medverke til god koordinering og tilrettegging av prosessane.

Alle kommunar som går gjennom prosessen, og som gjer kommunestyrevedtak om korleis kommunen ynskjer å gå vidare innan våren 2016, får utbetalt dei nemnde kr 100 000 til informasjon og folkehøyringar.

Regjeringa legg opp til ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane i løpet av regjeringssperioden. Gjennomgangen vil sjåast i samanheng med kommunereforma.

Kommuneproposisjonen 2015 nemner nokre element i dagens inntektssystem som kan verte vurderte ved gjennomgangen:

- Kompensasjon for smådriftsulemper

- Regionalpolitiske tilskot
- Forholdet mellom skatt og rammeoverføring frå staten

Prosess


Tradisjonelt har spørsmål om kommunesamanslåing medført store og tidkrevjande utgreiingar og folkeavstemming. Departementet ynskjer no å legge til rette for ein meir standardisert organisering av arbeidet ved å etablere faktagrunnlag for lokale diskusjonar, og eit opplegg for å innhente synspunkt frå innbyggjarane.

Når det gjeld den varsla Stortingsmeldinga våren 2015 om nye oppgåver til kommunane, så har Stortinget bedt regjeringa samtidig gjennomgå oppgåvene til fylkeskommunane/eit regionalt nivå parallelt (jfr handsaminga av kommuneproposisjonen 18. juni).

Fylkesmannen vil saman med KS spele ei sentral rolle i denne prosessen (vedlegg 2). Det er også lovforslag på høyring knytt til at fylkesmannen skal få mynde til å godkjenne låneopptak til kommunane, for å hindre at nokre kommunar nyttar tida fram mot kommunesamanslåing til å posisjonere seg unødige ut over å levere lovpålagte tenester. Regjeringa føreset eit nært samarbeid mellom fylkesmennene og KS. KS har ei anna rolle enn fylkesmennene, og skal ivareta medlemmene sine interesser som primæroppgåve. KS vert tilført statlege midlar til dette arbeidet, inntil kr. 8 mill. etter søknad.

Tidsplan for kommunereforma:

- Vår 2014: Stortingsbehandling av mål for reforma og opplegg for vidare arbeid.
- Haust 2014, 2015 og vår 2016: Regionale prosessar med KS, fylkesmenn og kommunar/regionråd. Oppsummerast av fylkesmennene hausten 2016.
- Vår 2015: Regjeringa legg fram forslag til nye oppgåver for kommunane. Stortingsbehandling av denne meldinga.
- Haust 2015 og vår 2016: Kommunale vedtak om samanslåing.
- Vår 2016: Vedtak i kongelige resolusjonar om samanslåing av kommunar for dei kommunar som er tidlig ute med lokale vedtak.
- Vår 2017: Regjeringa fremjer proposisjonar om ny kommunestruktur og om nye oppgåver til kommunane. Stortingsbehandling av disse proposisjonane.
- 1. januar 2020: Siste frist for kommunesamanslåing.



Modell: kmd.no

Reforma legg opp til at kommunane skal fatte vedtak om kommunesamanslåing innan sommaren 2016. Vedtaka skal meldast inn til fylkesmannen, og fylkesmannen vil få mandat

til å gjere eigne vurderinga på sjølvstendig grunnlag. Regjeringa vil deretter fremje ein samla proposisjon til Stortinget om ny kommunestruktur våren 2017.

Regjeringa seier i Prop.95, s 50-51: *Det er viktig at kommunene kommer i gang med diskusjonene om sammenslåing høsten 2014....kommunene vil ha behov for om lag et år på å drøfte utfordrings- og mulighetsbildet før det fattes vedtak om hvilke kommuner de vil slå seg sammen med.*

Framdriftsplan i Møre og Romsdal (Fylkesmannen)



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Lokal framdriftsplan i Møre og Romsdal

2014

2015

2016

Fase 1

(Høst 2014)

- Alle 36 kommunene i Møre og Romsdal legger fram en sak til sitt K-styre om **hvordan** de ønsker å jobbe med kommunereformen i sin kommune for å komme i mål våren 2016. **Prosess!**

- Her kan det tas utgangspunkt i en felles mål som fylkesmannen utarbeider

Fase 2

(2015 - før og etter valget)

- **FØR** valget, dvs våren 2015 arbeides det med lokale prosesser og informasjon for å sikre et best mulig beslutningsgrunnlag. En sak med fakta grunnlag anbefales lagt fram for K-styret, våren 2015.

- **ETTER** valget: Folkevalgtopplæring med spesiell vekt på kommunereform og framtid utfordringer

Fase 3

(Våren 2016)

- I løpet av 1.tertial 2016 skal det til alle k-styrer fremmes en sak hvor man kommer med forslag til framtidig kommunestruktur. Da det kan bli behov for flere runder i k-styret er det viktig at det er noe tid å gå på fram til juni 2016.

- Frist for innsending av vedtak til Fylkesmannen: **01.07.2016**



Trygg framtid for folk og natur

Fylkesmannen skal utarbeide mal, men den er ikkje klar enno. Det viktigaste i denne fasen er likevel at kommunestyret får starta prosessen og at saka vert handsama i formannskapet før kommunalministeren kjem 2.september.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skisserer 5 punkt som kjenneteikn på ein god prosess:

- Planlegg godt heile prosessperioden
- Få fram fakta og vert samde om utfordringane
- Tenk og jobb annleis enn de gjer til vanleg
 - *Dette er den viktigaste jobben de gjer for framtida i din kommune og for å styrke regionen.*
- Ikkje start med å lansere forslag til løysing
- Involvering
 - *Kommunepolitikarane, næringslivet og ulike grupper og organisasjonar i lokalsamfunnet. Spesielt ungdomen!*

Lokal prosess

Ørsta og Volda har dei siste åra utvida samarbeidet og det er vedteke vertskommunemodellar for NAV, Landbruk, helsestasjon for ungdom, kommuneoverlege og Hamna dagsenter. Den

neste saka omfattar PPT, medan utvida samarbeid om brannvern og økonomi førebels er lagt vekk i påvente av kommunereformprosessen. Etablering av interkommunalt barnevern (4 kommunar) viser at ein også kan slå saman tenester for fleire kommunar. For Ørsta er det fleire aktuelle vegar å gå vidare, men alle alternativ for samanslåing vil nok inkludere Volda. Ørsta må sette seg inn i og vurdere konsekvensar av ulike val.

Det er viktig at kommunestyret merkar seg fylgjande:

«I utarbeidelsen av beslutningsgrunnlaget for Stortinget vil det bli lagt til grunn at enkeltkommuner ikke skal kunne stanse endringer som er ønsket og hensiktsmessige ut fra regionale og nasjonale hensyn. I proposisjonen vil det dermed kunne foreslås sammenslåinger av kommuner som avviker fra de lokale vedtakene», jfr. s. 51 i Prop. 95 S.

Departementet legg til grunn at samanslåing som eit utgangspunkt skal skje seinast 1. januar 2020. Det er ynskjeleg at det blir gjennomført val i forkant av ei samanslåing, slik at kommunestyrevalet hausten 2019 blir val til det nye kommunestyret. Kommunevalet i 2015 kan med det verte det siste valet til Ørsta kommunestyre. Regjeringa opnar også for eit raskare løp med vedtak om samanslåing gjennom kongeleg resolusjon mai 2016. Ørsta kommune kan velje å vere med i første pulje samanslått med ei eller fleire andre kommunar i 2018, eller bruke noko meir tid på prosessen og opphøyre som eiga kommune i 2020.

Kommunestyret bør i løpet av hausten avklare kva tidsløp ein vil følgje. Erfaring frå tidlegare kommunesamanslåingar viser at det er behov for tid til å tilpasse seg tanken om å tilhøyra ein ny kommune. Departementet tilrår minimum 1,5 år. Erfaringar frå samanslåinga sist, viser at raske prosessar kan føre til at det tek generasjonar før det «nye samfunnet» står fram som eit felles. Dette er ikkje noko som er unikt for Ørsta, men er ei kjent fallgruve dersom ein enten lar prosessen dryge for lenge eller ynskjer å vise handlekraft med raske vedtak.

I denne innleiande fasen er det ikkje avsett midlar til utgreiingar, analysar eller prosjekt. Her må vi støtte oss til fylkesmannen, rettleiar frå departementet (er under arbeid), KS og regionrådet. Det er vidare lite fokusert på kostnader knytt til sjølve etableringa av nye kommunar. Dette vil mellom anna vere kostnader knytt til arkiv og IKT. Det er ingen tvil om at etablering av nye kommunar vert både kostnads- og arbeidskrevjande.

Kommunereforma bør vere ein kontinuerleg prosess i kommunestyret i tida framover. Det må vidare leggjast ein tidsplan og opplegg for reformprosessen. Dette er viktig for å ha engasjement, få attendemelding og kunne drøfte innspel frå prosessar blant innbyggjarane og frå andre kommunar.

Ei første skisse til lokal prosess kan sjå slik ut:

26.08.2014	Første sak i F-skapet	
02.09.2014	Kommunestyret har felles møte med Volda kommunestyre	Statsråd Sanner
25.09.2014	Arena Sunnmøre	Sunnmøre regionråd inviterer alle F-skapa
25.11.2014	Ungdomsrådet og F-skapet drøftar muligheits- og utfordringsbildet	
Januar – februar 2015	Politisk og administrativt arbeid	Gjennomgang av ekspertutvalet sin rapport om oppgaver

Februar – April 2015	Folkemøte ++	
Mai 2015	Ny politisk sak	Status og fakta
September 2015	Val av det siste kommunestyret for Ørsta kommune	
Haust 2015	Politikaropplæring	Særleg fokus på kommunereform
Vår 2016	Politisk sak	Forslag til framtidig kommunestruktur
Juni 2017	Stortinget vedtek ny kommunestruktur og nye oppgåver	
August 2017	Førebuing av samanslåinga tek til	Endringsleing
September 2019	Val av kommunestyre til ny kommune	1.januar 2020 Ny kommune er etablert

I tillegg til skissa ovanfor må tema kommunereform vere ein naturleg del på etablerte arenaer for samhandling med dei tillitsvalde, i personalmøte, i trepartgruppa KVEIK og i politiske fora for å nemne nokre.

Vurdering og konklusjon:

Det er ingen grunn til å tru at kommunereforma vert stoppa eller ”går over”. Det er viktig at Ørsta kommune tek ei aktiv rolle i dei lokale og regionale prosessane som no blir gjennomført i kommunereforma. Fylkesmannen er gitt eit mandat til å fylgje opp reforma, og dei samtalar, møteplassar og diskusjonar som fylgjer av dette vil legge føringar for framtida. Dersom ein ikkje er aktiv med i prosessen, vil ein truleg oppleve å bli overstyrt frå statleg hald.

Det er mange interessante element å gripe fatt i innanfor dei rammene som er sett for prosessen. Kritisk refleksjon og vurdering av konsekvensane er likevel viktig med sikte på den endelege innretninga på reforma. Dette er særleg viktig ettersom det mest grunnleggjande for ei slik reform enda ikkje er avklart, jfr det regionale forvaltningsnivået, oppgåvefordelinga og inntektssystemet til kommunane.

Regjeringa kan kome til å overstyre dersom resultatane av kommunane sine eigne prosessar ikkje samsvarar med dei overordna målsettingane, jfr utdrag frå kommuneproposisjonen for 2015, side 51: *”I utarbeidelsen av beslutningsgrunnlaget for Stortinget vil det bli lagt til grunn at enkeltkommuner ikkje skal kunne stanse endringer som er ønsket og hensiktsmessige ut frå regionale og nasjonale hensyn. I proposisjonen vil det dermed kunne foreslås sammenslåingar av kommuner som avviker frå de lokale vedtakene”*.

Vidare framdrift er avhengig av politisk føringar, lokalt, regionalt og nasjonalt. Det næraste året må Ørsta vurdere utfordringar og muligheiter ved dei ulike alternativa. Det er forventat at kommunestyret gjer vedtak seinast sommaren 2016. Uansett val vil rammer og vilkår vere i endring, å tru at alt kan vere som no er lite realistisk. Kommunane må (saman med KS) sikre at samla overføringar gjer at ein er i stand til å levere dei tenestene innbyggjarane har behov for også etter ei kommunereform.


Wenche Sørheim
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

KS Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune

Sunnmøre Regionråd

Hareid kommune

Herøy kommune

Sande kommune

Ulstein kommune

Vanylven kommune

Volda kommune

Eid kommune

Stryn kommune

Hornindal kommune

Ørsta ungdomsråd

Arbeidstakarorganisasjonane v/ Hovudtillitsvalde

Hovudverneombodet